
Frå: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>
Send: mandag 15. april 2019 09:36
Til: Siril Therese Sylta; Tommy Veland
Kopi: jorunn.h.kvalvagnes
Emne: Bed om møte med saksansvarlege - Vedkomande klage på ferdigattest gbnr 188/757 -
Vedlegg: Svar frå Fylkesmannen på Klage på kommunale vedtak gjeldande godkjenning av ferdigattest mv 188-757-dat 20-02-2019.pdf; Vedlegg til brev frå Fylkesmannen Vest til Lindås kommune vedr klagehandsaming ferdigattest Knarvikparken.pdf

Hallo

Eg finn ikkje dokument i kommunen sin innsynsjournal for Knarvikparken 188/757 som gjeld kommunen si oppfølging av brev frå Fylkesmannen Vestland - klagesak - gnr 188 bnr. 757 parkeringsvilkår, med klageskriv frå undertekna som vedlegg og mi oppmoding om tilbaketrekking av ferdigattest for parkeringskjellaren grunna i brot på kommunen sine vilkår i rammeløyvet for bustadblokka. Eg har fått ein e-post dat 11.04.19 om at "saka ligg til handsaming".

Dette er svær lite informasjon å få om ei klagesak på ferdigattest for parkeringskjellaren som vart meldt inn til kommunen alt 09.01.19.

Eg bed difor om eit møte med saksansvarleg Siril Sylta for byggesaka "Rammeløyve for oppføring av bustadbygg med 36 husvære med parkeringskjellar - gbnr 188/757 - Knarvik" SirilSylta og med saksansvarleg for seksjonering av gbnr 188/757 - Knarvikparken Kvassnesvegen 57 - Knarvik, Tommy Veland.

Grunnlaget for møtet er å oppklara fakta i saka, m.a. kvifor Lindås kommune har gitt løyve til seksjonering av fleire enn dei 36 parkeringsplassane som kan leggjast som tilleggsseksjon til dei 36 leilegheitene når kommunen i rammeløyvet og i sakshandsaminga rundt dette har kravd 13 fleire parkeringsplassar enn tal leilegheiter/seksjonar? J.f. Eierseksjonslova per 2016 §6. Med bakgrunn i dette seksjoneringsvedtaket (og utskriving av ferdigattest for parkeringskjellaren, held no utbygger Stoltz bolig AS på med å selja ut alle gjeste-/besøksparkeringsplassane i parkeringskjellaren. Det vil då berre vera 2 gjeste-/besøksparkeringsplassar att av kommunen sitt krav om 13 plassar i tillegg til dei 36 tilhøyrande leilegheitene.

I skriv til kommunen dat. 09.04.19 har eg bede om at kommunen straks trekkjer tilbake ferdigattesten for parkeringskjellaren med grunnlag i feil opplysningar i søknad om ferdigattest frå utbygger Stoltz bygg AS.

Sjå elles brev frå Fylkesmannen om klagebehandling av min klage med vedlagt klageskriv vedr utbygger si manglande oppfyljing av parkeringskrav i rammeløyvet og feil i seksjoneringsvedtak gjeldande seksjon 37 - parkeringskjellar bustadblokka Knarvikparken, gbnr 188/757 grunna feil opplysningar om tal parkeringsplassar som skal leggjast til dei 36 leilegheitene/eigarseksjonane som tilleggsdel.

Helsing Jorunn og Nils Kvalvågnes

telf 95 88 68 88

"or. 11. apr. 2019 kl. 08:39 skrev Ingrid Bjørge Pedersen
<Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no>:

Hei eg syner til sak vedkomande klage på ferdigattest for Knarvikparken.

Fylkesmannen i Vestland har sendt saka over til oss då den fyst skal sakshandsamast av kommunen. Vidare syner vi til ditt brev dater 09.04.19 vedkomande oppmoding om tilbaketrekking av ferdigattest. Saka ligg til handsaming, dette til orientering.

Med helsing Ingrid Bjørge Pedersen



Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret

tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Heimesida vår: <http://www.lindas.kommune.no/plan-byggjesak-og-eigedom.328513.nn.html>